



Gunn Mari Moberg held fram som leiar i Høgre. Her saman med ein annan partileiar frå Uskedalen, Tove Lill Lakselv(Frp)

Den turbulente tida i Kvinnherad Høgre er forbi. Årsmøtet denne veka vitna om eit parti der medlemmene dreg lasset saman. Arbeidet i styret går lett, og vi har ein god tone, seier leiaren Gunn Mari Moberg til innsida.no.

I politiske kretsar, både i eige og andre parti, har det vorte hevda at Moberg er den rette personen til å leia partiet etter den vanskelege situasjonen dei kom opp i i samband med nominasjonen til kommunevalet. – Ho er ein samlande og respektert person mellom eigne partifellar samstundes som politikarar frå andre parti gjerne samarbeider med ho, har det vorte sagt frå fleire hald.

Ved valget på årsmøtet stod ho ikkje på val, og ho held dermed fram som leiar. Med seg i styret får ho: Ingrid Skeie, Roald Vigrestad(ny), Jens Petter Sivertsen(ny), Stig Håvik(ny) og Kjell Kjekja(ny). Bustadadressene til styremedlemmene er godt fordelt i dei ulike delane av kommunen.

Av: Thor Inge Døssland.